



Rolf Myklebust (biletet) trekkjer seg frå vervet i Uskedal Båtlag etter 3 år i styret og 2 år som leiar.

Han held fast ved avgjerda og opplyser til uskedalen.no at valnemnda har funne ein ny leiar. Men kven det er blir halde hemmeleg til i kveld.

Årsmøtet blir halde på Stemneplassen klokka 19.

Også Rune Myklebust og Frode Ludviksen har nektat attval som styremedlem/hamnevert og kasserar og valnemndleiar Sigurd Myklebust har også i år hatt ein krevjande jobb.

Ellers er det vanlege møtesaker med unnatak av 2 viktige forslag som har vore annonsert på førehand. Det er at berre medlemmer med båtplass skal ha stemmerett og at uskedalingane skal ha forkjøpsrett ved sal av båtplass.

(Foto: Ola Matti Mathisen)